

## Svært vellukka påske i Uskedalen

25.04.2011



Systrene Niisen har hatt ein knallopning. Her er det klårt for snorklypping.

**Påska er snart over og konklusjonen er klår:  
Det har vore ei svært vellukka  
påske i Uskedalen med omsyn til besøk og arrangement.  
Samanlikna med i fjor har besøket vore større, men ein må ta  
omsyn til at påska i år har vore seinare.  
Her er dei fakta som vi byggjer konklusjonen på:**



#### [400 svinga seg på Dønhaug](#)

\* Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter er godt fornøgd med påskebesøket. Han har hatt opptil 30 bular inne på området i tillegg til dei faste gjestane og har avvist gjestar på grunn av for liten toalettkapasitet. Myklebust er bekymra over at denne kapasiteten generelt er for liten i området og held fram at noko må gjerast for å auka han.



Fana invaderte Sandakaien!

\* Vertshuset under nye eigarar har så langt vore ein ubetinga suksess. Drivar Morten Nilsen karakteriserer den forste 'økta' som Systrene Nilsen som strålande. Den nye leiinga satsa maksimalt på eit stort program og når også veret klaffa vart besøket enda større enn han hadde venta.. Systrene Nilsen la stor vekt på å engasjera alle aldersgrupper og klarte det. 'Båtfolket utgjorde rundt 20 prosent, trur drivaren.



[Steinar Myklebust er bekymra over toalettkapasiteten](#)

- Heile pakka vart vellukka, seier Morten, som også er svært tilfreds med personalet. Dei opnar att på aktivitetdagen 11. juni og held det gåande til 21. august, men også i mai blir det fleire private arrangement, til dømes konfirmasjonar og bursdagar. Gjestane på Systrene Nilsen har vore frå heile kommunen. Økonomen Morten trivs i bransjen og akter å halda fram som restaurantvert i Uskedalen. Han satsar på å gjera produktet stadig betre. Til dømes bør akustikken betrast med montering av støydempane plater, tepper og gardiner.

\* Leiar for Uskedal Båtlag Harald Erdal er storfornøgd med besøket. 93 gjestebåtar har vore innom og dei har vore fordelt slik på 6 påskedagar til og med idag: 4-16-20-19-27-7-

Dette betyr at besøket i denne hamna har vore omtrent som under fjorårspåska. Øyro kan melda om fullt hus og Sandakaien har hatt 10 båtar i fleire netter. 50 båtar på ei natt var topp-noteringa ved alle 3 tilsaman.

Erdal ser ellers behovet for betre internett-dekning, men minnar om at det er to interessentar til som bør vera med og dekkja utgiftene.

Og hvis det er slik at Kvinnherad Breiband sponsar båthamnane på Husnes og i Rosendal, bør dei også sponsa Uskedalen.

\* Dønhaug hadde ein knallopning av sesongen med Åmli-dansen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.

